

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Stordal

Emne: Skav

Bygdelag:

Stavdal

Oppskr. av: Peter O. Stavdal.

Gard:

(adresse): Stordal. pr. Alesund

G.nr. 88

Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Noko særskildt samnamn på slikt hjelpefor som
beit bork og tare, kjenner eg ikkje til. Her fell det
2 naturlegast og seiat, d. Han kvista beit." Hanssmia
bork."
- 3 Gjerningsordet å skava er nok brukt her, men
neppe i samband med å smia bork. Det vert brukt slikt
notid: skjév. Fortid: SKOV. Patisip: SKAVE. Eller og
SKAVT. med lang a .
- 4 Skav til lrøterfor er nok vore brukt, og me kalla
det bork/(eller også Smiabork). Det er eit hjelpefor i
ei vårknipe. Men det munar mindre enn beit.
- 5 Det er borken av rogn som er best til krøtermat.
Borken av Osp var også litt brukt, med den vilde
stja beisk smak på mjølka.
- 6 Ordet skav om eit spesielt treslag er ikkje brukt.
- 7 Rim kjenner eg ikkje til.
- 8 Det var ku og smale som fekk bork. Og den vart
gjerne blandet med mjøl. Det var serleg i vårknipa.
(ei vårknipa) d.v.s. det kunne vera surt og kaldt
ver om våren slik at bufeett ikkje fekk sleppa ut til
våleg tid, og det var lite høy i loda.
- 9 Mjølka vilde nok minka av slik foring, og
ospa-bork sette beisk smak.
- 10 På gardane Seljehaug og Overøye veit^{om} at
karane tok med seg sekkjer og reiste inn i Fokhaug
(også 2km) og smia rognebork. Veden låg att.
Hesjeved er jerne av bjørk eller øre. Man vert
avbergt, men eg hev ikkje høyrte at slik bork er
nytta til krøtermat.
- 11 Om ein mann som er i skogen på eitslags
arbeid, seiest det at han er "markå". Det er då
nerast å tenkja på arbeid med brenneved, men det
kan også vera allt anna arbeid som forekjem i
skogen.
- 12 Ved som skal smiast eller er smia, kallast
smiaved.
- 13 Gjeningssordet MARKA er ikkje brukt.
- 14 Det var vel mai at vårknipa kunne inntreffe
Elles trur eg at bork hev vore minder brukt enn
t, d, beit. Var ein komen i knipe måtte ein helst
15 avstad kjøpa høy.
Noko slags tokter på fastande, Langfredag
hev eg ikkje høyrte om.. Det vilde sikkert verta
halde for ei stor skam også det . Og kanskje ikkje
ikkje so lite syndigt.


- 15 Borka-smiinghev eg sett vore drive i steva og i godt ver ute på tunet.
- 16 Til borka-smiing vert brukt tollekniv, skjevle(øi) eller ein bandekniv. EI skjevla er laga av ein smal sliten(småljå (ei Ljåspik) Bøygd i hop i ein halv-sirkel sirkel og begge endar drivne inni eit treskaft. Heike skjevla med skavt ca. 16 cm. Einn bandekniv er ca. 35 cm. lang. Det er handtak i begge ender, og dei stendi i rett vinkel på knivenEggstalet er pålagt på sida og bandekniven vert fyljeleg slipt berre på ein kant.
- 177 Hesved legg ein gjerne op i ein sages^{stol} som ver vert sett attåt ein vegg, og so brukar ein bandekniven Sjevla brukast på tunnare kjeppar .kjepparne er jerne ca, 1 m. lange og so set ein gjerne eine enden nedmi sessen ein sit på, og so dreg ein skjeva nedåver. Det gjeng forholstvis nokso fort å bruka skjevbaSkjevla ver vert brukt no til dags ogso når ein gjere bogar (våndagar) om våren. Ein gjev gjerne vanda ei tvo tre risp so rotnar den ikkje so fort.
- 118 Andre måtar å bruka skjevla og bandekniven på veit eg ikkje em. Skavhel er ikkje kjent.
- 19 Skjevla held ein med eine handa, og det er skje
- 20 skjevla som vêt førd. Veden vert kalla smia-ved.
- 21 Og borken kallast smiabok.
- 22 Skjevla brukar ein på tunnare kjppar, til stø
- rerdimensjonar brukast bandekniv.
- 23 kjepparne som er smia kallast smiaved.
- 24 Det er best åt krøtera når borken er tunn.
- 25 Veden vert gjenne brend'grua (øi), då slpp
- ein høgga den kortare.
- 26 Bork (skav) veit eg ikkje om hev vore brukt dei siste 30år.
- Skav vert ikkje brukt her som namn på smiabork Men eg hugsar fra den tiddei vaksne tok bork og never".av bjørk. Dette arbeidet gjekk for seg rundt jonsok og varde til slåtten . Staks dei vaksne tok borken av, var me gutungarne der med ein borkniv og skrapa i hop sevje og trevlar og togg på. Det var søtt og vart kalla skav.
- Verbet åSKAVA vert bøydt slik :Notid, SKJEV. fortid, SKOV Partisip hevSKJEVE (hev SKAVE og likeins hev skavt er vist ogso brukt).

ca 16 cm.



Detteskal vera riss av ei skjevla,

ca 35 cm,



Med dette meinest ein bandekniv,